



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	26.02.2018	18/016

Søknad om dispensasjon til å byggja bru over Veig, gnr. 15, bnr. 2 - Vivali

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
24.09.2017	Søknad om dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til å oppføra ny bru over Veig mellom gnr. 15, bnr. 2 på vestsida og gnr. 11, bnr. 1 på austsida.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

- Søkjarane må senda inn komplett byggjesøknad.
- Grunneigarane av gbnr 15/2 og 15/3, som også er tiltakshavarar, har vedlikehaldsansvaret for brua.
- Dispensasjonen føreset at tal på bruer over Veig i Vivali ikkje vert større enn i dag. Søkjarane lyt avklara eigartilhøva for den gamle brua over Veig inne i nasjonalparken, og må senda inn særskilt søknad om riving av denne.
- Det skal skiltast til ny bru, slik at trafikken over myrene fram til den eksisterande hengebrua vert redusert.
- Brua skal vera open for fri ferdsel.

26.02.2018 - Eidfjord formannskap

Røysting:
Samrøystes vedteke.

FSK - 18/016 - Vedtak:

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til å oppføra ny bru over Veig mellom gnr. 15, bnr. 2 på vestsida og gnr. 11, bnr. 1 på austsida.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

- Søkjarane må senda inn komplett byggjesøknad.
- Grunneigarane av gbnr 15/2 og 15/3, som også er tiltakshavarar, har vedlikehaldsansvaret for brua.
- Dispensasjonen føreset at tal på bruene over Veig i Viveli ikkje vert større enn i dag. Søkjarane lyt avklara eigartilhøva for den gamle brua over Veig inne i nasjonalparken, og må senda inn særskilt søknad om riving av denne.
- Det skal skiltast til ny bru, slik at trafikken over myrene fram til den eksisterande hengebrua vert redusert.
- Brua skal vera open for fri ferdsel.

Desse har uttalt seg i saka:

Fylkesmannen i Hordaland
NVE

Særutskrift skal sendast til:

Geir Kjerpeseth

Endeleg avgjerd i:

Eidfjord formannskap som planutval

Saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen for å oppføra ny bru over Veig på gnr. 15, bnr. 2 (vestsida) og gnr. 11, bnr. 1 (austsida). Brua er tenkt plassert nord for der Vivo og Veig renn saman, omtrent midt på gnr. 15, bnr. 2. Sjå kartutsnitt.

Bakgrunnen for søknaden er at dei tre bruene som går over Veig og Vivo er i dårleg stand, og til dels ufarbare delar av året. Nokre av dei er dessutan vanskeleg tilgjengelege. Søkjarane ønskjer å syta for eit trygt og tilstrekkeleg kryssingspunkt over Veig.

Brua det er søkt om vil ha ei lengd på om lag 30 meter, med to brukar forankra i elva på fast fjell. Høgda på desse vil vera om lag 3,5-4 meter, og avstanden frå elvebredda til brukara vil vera om lag 7-8 meter. Brua sitt hovudspenn vil vera 16-18 meter, og hennar utvendige breidd vil vera 2 meter.

Området brua er ønskt plassert i er LNF-område, og utgangspunktet i kommuneplanen sin arealdel er at tiltak som nemnt i pbl. § 20-1, mellom anna «oppføring [...] av konstruksjon», ikkje vert tillate i inntil 100 meter frå vassdrag. Elva Veig er omfatta av denne føresegna, og det krevst difor dispensasjon frå planen.

Naboar er varsla i tråd med kravet i pbl § 19-1. Alle har samtykka til tiltaket.

Etter pbl. § 19-2 kan det ikkje gjevast dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna bak lova si føremålsføresegn vert «vesentlig tilsidesatt.» Samstundes må føremonane ved dispensasjon vera «klart større» enn ulempene.

Ordlyden «vesentlig tilsidesatt» syner at sjølv om omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå kan måtta verta tilsidesette i ein dispensasjon, skal det ikkje skje i vesentleg grad.

I vurderinga av formålet bak planen sin 100-metersregel, kan ein nok sjå til formålet med pbl sitt forbod mot tiltak i «100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag», nedfelt i § 1-8. Eigentleg er dette forbodet berre gjenteke i kommuneplanen.

Grunngjevinga for forbodet er, som det kjem fram i forarbeida (ot.prp.nr.32 (2007-08), å ta omsyn til «natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.».

I lagmannsrettsdommen LA-2015-197645 utdjupar retten at «formålet med bestemmelsene er å beskytte allmennhetens interesser, natur, friluftsliv og naturmangfold. Allmennhetens interesser er blant annet relatert til ferdsel, naturopplevelse og rekreasjon.»

Forbodet har sjølvstøtt samband med det faktum at mange ønskjer å byggja hus eller hytter nær sjø og vassdrag, og at dette fører til auka privatisering. Det fører igjen til at ålmenta sin tilgang til desse områda vert betydeleg avgrensa. Byggjeforbodet i strandsona er nok særleg mynta på bygningar, som er blant dei tiltaka som i størst grad privatiserer.

Plan- og bygningslova si § 1-1 nemner ytterlegare berekraftig utvikling, langsiktige løysingar, samt konsekvensar før miljø og samfunn. Både individet og fellesskapet sine interesser skal takast omsyn til, og bruk av ressursar skal vurderast i samband med samfunnsplanlegginga.

Vi kan ikkje sjå at dei nemnte omsyna bak planføresegna det vert søkt om dispensasjon frå vert sette til sides ved ein dispensasjon, snarare tvert imot.

Ei ny bru over Veig vil sikra friluftslivet, tryggja ferdsle og gje gode høve til naturopplevingar for alle som nyttar området. Området er allereie eit mykje nytta turområde, og det vil ikkje vera snakk om å «opna» nye område for ferdsle.

Det er riktig at Veig er eit verna vassdrag, men vernet gjeld i første rekkje kraftutbygging, og vi kan ikkje sjå at det skal vera til hinder for å kunna kryssa elva. Om området skal kunna nyttast overhodet, føreset det ei trygg bru.

At omsyna bak føresegna det vert dispensert frå ikkje vert sett vesentleg til sides er likevel ikkje nok til å gje dispensasjon.

Spørsmålet er om fordelane ved dispensasjonen er «klart større» enn ulempene.

Ordlyden i vilkåret tilseier at vanleg interesseovervekt ikkje er nok. Forarbeida til plan- og bygningslova, ot.prp.nr.32 (2007-2008), utdjuper at det må «foreligge klar overvekt av hensyn som talar for dispensasjon.» Det vil normalt ikkje kunne gjevast dispensasjon «når hensynene bak bestemmelsen det søkes dispensasjon frå fortsatt gjør seg gjeldende med styrke.»

Ein lyt altså vega føremonane mot ulempene i denne konkrete saka.

Den første og mest opplagte fordel er auka tryggleik, noko søkjarane trekkjer særleg fram. Tryggleik er også eit av omsyna som skal leggjast vekt på i særleg grad når det skal gjevast dispensasjon frå lova, jf. § 19-2 (3). Sjølv om det her gjeld ei plansak, er tryggleik akkurat like viktig i dette høvet. Planregelen er dessutan påfallande lik lova sin § 1-8.

Området rundt Vivali og Veigdalen er ein viktig innfallsport til Hardangervidda frå nordvestsida, og vert nytta av tusenvis av fotturistar, dessutan jaktfolk, hyttefolk og grunneigarar. Det er difor naudsynt med ei trygg bru over elva. Ved å tillata tiltaket det er søkt om, får ein ei bru over Veig som kan nyttast heile året av alle som ferdist i området, og som vil syta for ei tryggare ferdsle enn det dei eksisterande bruene gjer.

I Vivali finst det i dag to bruer over Veig. Den eine er ei hengebru, den andre ei «fast» bru som ligg akkurat inne i nasjonalparken. Begge er gamle, særleg sistnemnde, som også er i

dårleg stand.

Ein annan måte å få eit trygt kryssingspunkt over elva på, er sjølv sagt å reparera dei gamle bruene, og då særleg den som ligg inne i nasjonalparken. Det er ifølgje søkjarane likevel ikkje ønskjeleg å vøla den faste brua som allereie finst over Veig, mellom anna fordi det ville føra til større naturinngrep enn å byggja ny bru der det er føreslått.

Kommunen sluttar seg til dette synspunktet. Brua som finst i dag ville måtte sikrast og festast betre i fjellet på begge sider. Truleg måtte ein skyta ut fjell, for tilkomsten til denne brua er ikkje heilt enkel. Vinterstid er ho utilgjengeleg. Sjå bilete vedlagt. Eit slikt større inngrep i terrenget inne i nasjonalparken vil ikkje vera aktuelt.

Når vøling av den gamle brua er mindre aktuelt, aukar sjølv sagt behovet for ei ny bru tilsvarande.

Søkjarane ser ikkje for seg at den nye brua skal koma i tillegg til begge dei som allereie finst. Dei føreslår å fjerna brua som ligg inne i nasjonalparken. Søkjarane skriv at det er Eidfjord kommune som eig denne brua, og at den vart bygd ein gong på 60-talet. Dette er ikkje riktig.

I Eidfjord Fjellstyre si møtebok 1921-1975 står følgjande under 10. februar 1923, sak 4: «Til fjellstyret er inkommet andragender om bidrag av fjellkassens overskud fra følgende: [...] Gunnar Vivelid m.fl. om bidrag til bro over elven «Veig.» [...] Beslutning: [...] kr. 500 - femhundrede kroner bevilgedes som bidrag til opførelse av bro over elven «Veig». [...] Opsidderne frå Vivelid blir at avkræve at de paatar sig transport av bromatierialerne fra Garen til Vivelid.»

Vidare går det fram av referatet frå 16. april 1972 at Endre Vivelid søkte om stønad til vøling av bruene over Veig og Vivo.

Kommunen kan difor berre anta at begge innføringane i møteboka gjeld same brua over Veig, og at «opsidderne» - grunneigarane - på Vivelidbruka er eigarar av brua. Søkjarane lyt avklara eigartilhøva og søkja kommunen særskilt om riving.

I tillegg til sjølv tryggleikssynet, er det fleire andre fordelar ein dispensasjon vil gje, og som veg tungt:

Den nye brua er tenkt plassert i nærleiken av dei stiane som allereie finst i området, og vil kopla den DNT-merkte stien på autsida av elva med turisthytta på vestsida. Det er dermed ikkje snakk om å opparbeida nye stiar i samband med ny bru, og terrenginngrepet vert mindre.

Samstundes som trafikken nok vil auka over den nye brua, vil bruken av hengebrua og stiane som leier til henne minka. Her går stien, slik søkjarane skriv, gjennom eit myrområde, som no er svært opptrakka. Om færre nyttar denne stien, vil såra i terrenget med tida ha høve til å gro.

Viveli er regulert til «erverv» i kommuneplanen. Kommunen ønskjer at det skal vera mogleg å driva næring her, og Vivelid fjellstova er også open delar av året. Ein god og sikker tilkomst er avgjerande for å kunna driva turistverksemda.

Ei ny bru ville bety at tilkomst med snøskuter ville verta enklare for dei næringsdrivande på fjellstova, som treng å få varer og utstyr til fjells. Det betyr sjølv sagt ikkje at bruken av snøskuter utan vidare ville auka, men den trafikken som er, vil ha lettare for å koma over elva.

Her kan vi føya til at Eidfjord kommune i si tid fekk tilskot på 4.600.000 kr frå staten til å byggja veg til Vivali. At berre delar av vegen vart bygd er ei anna sak, men tilskotet tydde om ikkje anna på at det har vorte oppmuntra til aktiv bruk på Vivali, også frå staten si side. Ei ny bru vil kunna sikra slik bruk, sjølv om vegen aldri kom.

Også næringslivet i Eidfjord vil kunna dra nytte av ei ny bru i Vivali. Turen inn og ut til Vivali frå Eidfjord er passende som dagstur, og kan føra med seg ei auke i gjestedøger i kommunen.

Vidare vil ein dispensasjon til å føra opp ny bru sikra at det framleis er mogleg å ta dyr over elva. Ei hengebru er ikkje egna til dette, og den gamle, faste brua inne i nasjonalparken er, som nemnt over, i dårleg stand.

Store område på Hardangervidda, både utanfor og inni nasjonalparken, er i privat eige. Alltid har vidda vore nytta av gardsbruka langs fjorden til ulike utmarksnæringar. I forvaltningsplanen for Hardangervidda er det eit uttalt mål å «leggje til rette for næringsmessig utnytting slik at vidda framleis skal vere eit viktig ledd i å ta vare på og vidareutvikle dei aktuelle bygdesamfunna.»

Å ha dyr på beite skal altså vera mogleg, og då må dyra kunna koma over elva. Dyr på beite bidreg dessutan til å oppretthalda kulturlandskapet i fjellet.

Ulempa med bygging av ny bru er sjølv sagt at det vil vera eit synleg inngrep i eit verna vassdrag, og liggja klårt innanfor 100-metersgrensa fastsett i kommuneplanen sin arealdel. Bygging i 100-metersbeltet skal ikkje utan vidare vera ei kurant sak.

Det er også mogleg at ei ny bru vil føra til auka bruk av området i nokon grad, og slik auka slitastjen på landskapet.

Likevel vil omsynet til trygg ferdsle og friluftinteressene i dette tilfellet måtta telja meir, og spesielt tryggleiksomsynet må vega tungt. Det er naudsynt med eit trygt kryssingspunkt over elva, særleg med tanke på at det her handlar om eit turområde som er, og alltid har vore, mykje nytta. Folk er nøydde til å kunna kryssa elva for å ta seg fram.

Ei bru er heller ikkje eit tiltak som vil føra til privatisering av området i 100-metersbeltet langs vassdrag, slik til dømes hyttebygging ville kunna gjera. Tvert i mot vil tilkomsten for alle som ferdast i området sikrast gjennom ei ny bru. Søkjarane har også forsikra om at brua skal vera open for ålmenta.

§ 19-2 (4) understreker at «statlige og regionale rammer og mål skal tillegges særleg vekt» under vurderinga av dispensasjon frå plan.

Som synt til over, er moglegheita til å driva næring i Hardangervidda nasjonalpark eit poeng, eit anna statleg mål er sjølv sagt fremminga av friluftsliv, betre folkehelse, og dessutan tryggleik. Dette kjem fram i plan- og bygningslova med forarbeid, og det siste momentet er nemnt i § 19-2 sjølv. Alt dette vert ivareteke ved dispensasjonen.

Sjølv sagt er vern av natur og landskap viktige statlege mål, men det kan ikkje vera hensikta å hindra ferdsle på Hardangervidda. Slik det heiter i forvaltningsplanen for Hardangervidda, er dette «eit av landets viktigaste og mest nytta område for friluftsliv i fjellet.» Då lyt ein sikra trygg kryssing av eit stort vassdrag som renn på tvers av det etablerte løypenettet på vidda, både i og utanfor nasjonalparken.

Slik kommunen ser det, vert dei omsyna som høvesvis planen sin 100-metersregel og plan- og bygningslova si føremålsføresegn § 1-1 byggjer på, ikkje sette til sides. Føremonane ved dispensasjonen er «klart større» enn ulempe. Omsyna bak føresegna det vert dispensert frå gjer seg ikkje gjeldande med styrke.

Dispensasjonssøknadar som denne skal sendast til uttale hos aktuell sektormyndigheit. Det har også vore gjort i denne saka, og både NVE og Fylkesmannen i Hordaland har uttalt seg.

Jamfør § 19-2 (4) bør ikkje kommunen dispensera frå planar «når en direkte berørt, statlig [...] myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

Ein kan lesa to ting ut av dette. For det første «bør» ikkje kommunen gje dispensasjon. Avgjerda er framleis opp til kommunen sitt skjønn, men han vert rådd frå å gje dispensasjon. Det kan tyda på at kommunen kanskje treng særleg gode grunnar til å gje dispensasjon i slike tilfelle.

Det andre som kjem fram, er at den statlege myndigheita skal ha «uttalt seg negativt.»

I forarbeida, ot.prp.nr.32 (2007-08), heiter det at negativt fråsegn for det første inneber at det vert gjeve klårt uttrykk for at myndigheita motset seg dispensasjonen. Dessutan inneber det at det «bør henvises til det mandat myndigheten er gitt, og de statlige føringene som myndigheten er ansvarlig for å følge opp i forhold til tiltaket eller området, og angis hvilke konkrete forhold i søknaden som strider mot disse.»

Dette må ein forstå som eit krav om grunngjeving. Det statlege organet lyt gjera ei konkret vurdering av den aktuelle saka, med utgangspunkt i dei statlege føringane sektormyndigheita har i oppgåve å følgja opp. Organet skal «angi[...] hvilke konkrete forhold i søknaden» som strir mot dei statlege føringane.

NVE sine merknadar til saka er først og fremst knytt til brua sin konstruksjon, og dei tilrår at brua vert planlagt og dimensjonert av fagkunnig. Dessutan vert det synt til vassressurslova, mellom anna § 5 om at tiltak i vassdrag skal planleggjast og gjennomførast slik at brua vert til minst mogleg skade og ulempe for private og ålmenne interesser. NVE er altså ikkje negative til sjølve tiltaket, men legg føringar for sjølve brukonstruksjonen.

Fylkesmannen i Hordaland rår på si side frå å gje dispensasjon. Sjå vedlegg.

Fylkesmannen skriv som følgjer:

«Veig er eit verna vassdrag, og området grensar til nasjonalparken. Brua kan få følgjer for fleire interesser som landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Etablering av brua kan også auke byggepresset og besøkspresset i området på sikt.

Fylkesmannen meiner at det er fleire grunnar til at tiltaket ikkje er eigna for dispensasjon. [...]

Til slutt tilrår Fylkesmannen at løyve til å byggja bru eventuelt berre bør gjevast etter ei planendring.

Etter kommunen sitt syn oppfyller ikkje denne motsegna kravet til negativ uttale. Til det er ho altfor generelt utforma, og ingenting tyder på at Fylkesmannen har vurdert saka konkret, slik han faktisk skal. Fylkesmannen syner korkje til sitt mandat, eller til kva for tilhøve som strir mot kva for statlege føringar.

Når dette er tilfelle, kan ikkje Fylkesmannen venta at Eidfjord kommune utan vidare skal avstå frå å gje dispensasjon i ei sak der vilkåra i § 19-2 har vore grundig vurdert, grunngevinga for dispensasjonen er utførleg, og fordelane – etter kommunen si meining – er så tydeleg fleire, klårare og meir tungtvegande enn ulempene.

Når kommunen no går på tvers av Fylkesmannen si tilråding, kjem det av at kommunen meiner vilkåra for å kunna gje dispensasjon er oppfylte, at særleg gode grunnar for å gje dispensasjon ligg føre, og fordi kommunen ikke kan sjå at det ligg føre negativ uttale frå sektormynde i lova sin forstand.

Vi vil likevel knyta nokre kommentarar til Fylkesmannen sine merknadar.

Fylkesmannen skriv altså at «Brua kan få følger for fleire interesser som landskap, friluftsliv og biologisk mangfald.»

For det første: vi er heilt samd i at brua kan få følgjer for friluftslivet. Mest sannsynleg *vil* ho få slike følgjer – og etter vårt syn er det då snakk om utelukkande positive følgjer. Som drøfta over, kan det berre vera til det gode at folk kan få ta seg fram i området på ein trygg og sikker måte. At fleire turfolk vel å starta turen sin i Eidfjord og Viveli framfor andre stader på vidda, ser vi ikkje som negativt. Vi vil tru at det er denne positive følgja Fylkesmannen ønskjer å trekkja fram i si uttale.

Når det gjeld landskap og biologisk mangfald er vi usikre på kva følgjer Fylkesmannen konkret siktar til. I vår vurdering har vi nemnt myrområda som truleg i større grad vert skåna ved ei ny bru, og stinettet som ikkje vil endra seg i særleg grad. Området brua er tenkt plassert i er allereie mykje nytta, og er delvis innmark. Brua vil ikkje vera eit tiltak i heilt uberørt natur og vil ikkje opna for menneskeleg aktivitet der det hittil ikkje har vore slikt.

Fylkesmannen nemner at Veig er eit verna vassdrag, og meiner at tiltak langs elva er ei ulempe på grunn av dette. Det er vi sjølv sagt ikkje usamd i, men Fylkesmannen ser openbert ikkje brua i samheng med det faktum at det uansett vil vera behov for ei trygg bru i området som alle kan nytta. Dette vil ikkje få følgjer for Veig sitt vern mot kraftutbygging.

Vidare meiner Fylkesmannen at brua kan auka byggjepresset og besøkspresset i området på lengre sikt.

Kommunen meiner det vil vera lite sannsynleg at byggjepresset i området vil auka som følgje av ei ny bru. For det første lyt ein skilja oppføring av bru frå oppføring av bygningar. Dispensasjon til det eine får ikkje automatisk følgjer for det andre.

Det eine hyttefeltet i Viveli ligg innanfor grensene til nasjonalparken, og eigne reglar gjeld for dette. Fleire hytter her enn det som allereie er regulert inn, vert nok aldri aktuelt. Her har uansett Fylkesmannen sjølv siste ord i saka som forvaltningsmynde for Hardangervidda nasjonalpark.

Av bygningane som ligg utanfor nasjonalparken, er brorparten regulert til næring, ikkje fritidsbygg. Elles finst det eitt område ved Viveli (Øyna) som er regulert til LNF med tillaten hytte-/stølshusbygging, der samla tal på einingar som kan tillatast er ei eining. Kommuneplanen krev i så fall utarbeiding av detaljplan først. Samla sett framstår det som ein svært lang veg å gå for at auka utbygging skal skje.

Alle dei nemnte områda der det i dag står bygningar, anten fritidsbustadar eller næringsbygg,

ligg innanfor 100-metersbeltet for vassdrag, og byggjeforbodet gjeld. Som vi allereie har nemnt tidlegare, er det forskjell på ein bygning og ei bru når det gjeld grad av privatisering, og ein dispensasjonssøknad som gjeld ein bygning, ville kunna få heilt anna utslag enn denne som gjeld ei bru.

At fleire menneske vitjar Viveli om ny bru kjem, kan nok henda, utan at vi ser det som negativt. Det viktigaste for kommunen i denne samanhengen er likevel å ivareta alle dei som faktisk allereie nyttar området, og som treng å kryssa elva. Det kan ikkje vera Fylkesmannen si meining å hindra folk i å nytta området i det heile. Og om ein skal nytta området, kjem ein ikkje utanom behovet for ei trygg bru, som kan nyttast av både folk og dyr.

Når Fylkesmannen til slutt meiner at «det er fleire grunnar til at tiltaket ikkje er eigna for dispensasjon», venta kommunen ei konkret utdjuping av kva grunnar det då er snakk om. Det kjem ikkje. Men så langt vi kan sjå, taler langt det meste for å gje dispensasjon til ny bru. Å gjennomføra full planendring berre for dette, kan vi ikkje sjå at er hensiktsmessig. Behovet for ny bru ville vera der heilt uavhengig av kva for plan som måtte liggja til grunn for Viveliområdet.

Samla sett er vilkåra for å gje dispensasjon oppfylte.

Geir Underhaug
rådmann

Pettersen, Louise Christine
sakshandsamar

Rett utskrift: